



SELJORD KOMMUNE

Helse- og omsorg

Det er lagt ned eit nasjonalt reiseforbod til utlandet for tilsette i helse- og omsorgssektoren som har pasientkontakt. Dette gjeld i første omgang ut april.

Omsorgsinstitusjonane våre er stengt for besøk, med unntak for besøk til terminale pasientar.

Alle helsetenestene våre vil kun levere øyeblikkeleg hjelp/legevakt. Timeavtalar på legekontor, helsestasjon, fysioterapi og psykisk helse vert utsett.

Kommentert [KJ1]: Omsorgsinstitusjonar..... Besøk til terminale pasientar må ringes og avtales med institusjon på forhånd

Kommentert [KJ2]: I førsteomgang i to uker

Kultur- og fritidsaktivitetar

Granvin kulturhus, Seljord Bibliotek, Sterke-Nils senteret, frisklivssentralen, kulturskolen, vaksenopplæringa og dagsenteret på Nestunet er no stengt. Symjehallen er stengt for sesongen.

Kommunehuset

Kommunehuset og NAV er dei neste 14 dagane stengt for publikum utan avtale. Vi oppmodar til å ta direkte kontakt via telefon, e-post eller andre digitale løysingar.

Nøkkelpersonar har blitt pålagt heimekontor slik at ikkje alle er fysisk på jobb til ein kvar tid. Alle kommunale oppgåver skal planleggast og utførast på ein slik måte at vi utset tilsette for minst moglege smitterisiko.

Arrangement, møter o.l.

Seljord kommune oppmodar alle om å unngå å samlast dei neste 14 dagane, for å bidra i denne nasjonale dugnaden for å stoppe virusmitta. Er du i tvil om akkurat ditt arrangement kan du ta kontakt med kommuneoverlegen.

Beredskapsleiinga:

Beredskapsleiinga i kommunen møtast jamnleg for å evaluere situasjonen og å drøfte førebyggjande tiltak.

Beredskapsleiing tyder at vi rettar fokus mot å halde drifta oppe og at ressursar lettare kan nyttast på tvers av tenestoområda i Seljord kommune. Tiltak for å sikre liv og helse vert prioritert.

Alt skjer fort og vi klarar ikkje å halde alle oppdatert på alt til ein kvar tid. Vi oppmodar alle til å følgje med og oppdatere seg på utviklinga via:

- Folkehelseinstituttet, www.fhi.no
- Helse Noreg, www.helsenorge.no
- Sentrale mediehus i Noreg, for eksempel NRK

Beate Marie Dahl Eide
Ordfører Seljord kommune

Finn-Arild Bystrøm
Rådmann Seljord kommune



Vanar som førebyggjer **smitte**



Papirlommetørkle

framfor munn og nase skjermar andre når du hostar eller nys. Kast lommetørkleet etterpå. Vask så hendene.

Bruk olbogekroken

når du må hoste eller nys og ikkje har papirlommetørkle for handa.



Vask hendene

ofte og grundig, særleg når du har vore ute blant folk.

Handdesinfeksjon

med middel som inneheld alkohol er eit godt alternativ når du ikkje får vaska hendene, til dømes på reise.

